

## SAK 58/22 FORPROSJEKT CAMPUS HALLINGDAL

### Saksopplysing

I sak 43/22 (3.6.2022) gjorde Regionrådet for Hallingdal slikt vedtak:

#### Vedtak:

1. Regionrådet for Hallingdal støttar ambisjonane om etablering av campus Hallingdal, med Gol som vertskommune.
2. Regionrådet for Hallingdal vil i samband med forprosjekt Campus Hallingdal stå som prosjekteigar fram til eit eventuelt etableringsprosjekt.
3. Regionrådet for Hallingdal har som intensjon å underteikne ei intensjonsavtale saman med Gol kommune og Universitetet i Sørøst-Norge når denne er klar.
4. Tre-part samarbeidet Regionrådet for Hallingdal, USN og Gol kommune har i forprosjektet mandat til å avklare mogelegheitene og legge til rette for å utvikle eit fleircampuskonsept i Hallingdal, sentralt i Fjellnoreg. Dette skal tene heile landet i tillegg til å møte regionens egne kompetansebehov. Som grunnlag for eit Campus Hallingdal er permanent nærvær, som skal ta hand om studiekvalitet, livslang læring og kunnskapsbasert regional utvikling.  
Forprosjektet skal danne grunnlaget for eit hovudprosjekt/etableringsprosjekt. Endelig mandat blir vedteke i samband med prosjektplan.
5. Forprosjektet blir gjennomført etter PLP-metoden.
6. Prosjektplan blir lagt fram for Regionrådet for Hallingdal i aug 2022. Det skal utarbeidast detaljert framdriftsplan i samband med prosjektplan, men det er føresett at forprosjektet skal avsluttast innan våren 2023.
7. Forprosjektet har ei økonomisk kostnadsramme på kr. 800.000, føreslege finansiert slik:
  - Regionrådet for Hallingdal løyver: kr. 200.000
  - Det blir søkt midlar frå Sats på Hallingdal: kr. 200.000
  - Gol kommune: kr. 400.000
8. Administrasjonen i Regionrådet avklarar med Viken fylkeskommune eventuell deltaking i forprosjektet.

Intensjonsavtale mellom Universitetet i Sørøst-Norge (USN), Regionrådet for Hallingdal og Gol kommune vart underteikna 16.august 2022, vedlegg 2.

Med bakgrunn i pkt.6 i vedtak er det utarbeida forslag til prosjektplan, vedlegg 1.

Det blir føreslege ei styringsgruppe med representantar frå prosjekteigarar, der Regionrådet for Hallingdal og USN har 2 representantar kvar og Gol kommune har ein representant.

**Forslag til vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal vedtek prosjektplan dat.22.8.2022
2. Prosjektansvarlig (PA) blir .....
3. Regionrådet for Hallingdal foreslår at styringsgruppe er representert ved prosjekteigarar, der Regionrådet for Hallingdal og USN har 2 representantar kvar og Gol kommune har ein representant.
4. Regionrådet for Hallingdal sine representantar i styringsgruppe er:  
—  
—

Hallingdal 22.8.2022


Knut Arne Gurigard  
Seniorrådgjevar

Vedlegg 1: Prosjektplan ver.1, 22.8.2022

Vedlegg 2: Intensjonsavtale mellom Universitetet i Sørøst-Norge (USN), Regionrådet for Hallingdal og Gol kommune

# Prosjektplan

## Campus Hallingdal forprosjekt



## Innholdsfortegnelse

1. Mål og rammer .....	3
1.1 Bakgrunn .....	3
1.2 Effektmål .....	3
1.3 Resultatmål for aktuell fase.....	3
1.4 Rammer og avgrensning.....	3
2. Prosjektorganisasjon .....	4
3. Prosjektoppfølging .....	5
3.1 Beslutningspunkt.....	5
3.2 Statusrapportering .....	5
3.3 Milepælar .....	5
4. Målgrupper, interessentar og kommunikasjonsstrategi.....	5
5. Risikovurdering.....	5
6. Gjennomføring .....	6
6.1 Hovudaktivitetar.....	6
6.2 Tids- og ressursplaner .....	6
7. Økonomi.....	6
8. Kontraktar og avtalar.....	7

## Kort beskrivelse av prosjektet:

Regionrådet for Hallingdal, Gol kommune og Universitetet i Sørøst-Norge (USN) har starta eit arbeid med målsetting å utvikle eit fleircampuskonsept i Hallingdal.

På nasjonalt nivå har det skjedd ei radikal endring, der det no er politisk vilje og nasjonale føringar for å auke tilgangen til fleksible og desentraliserte utdanningstilbod for høgare utdanning, i heile landet. Hallingdal grip sjansen og vil gjennom eit forprosjekt avklare mogelegheitsrommet.

## 1. Mål og rammer

### 1.1 Bakgrunn

Hallingdal fekk aldri ei distrikthøgskule noko som i mange samanhengar har vore peika på som ei ulykke, i forhold til å ha ein ekstra motor i distriktsutviklinga. Når ein ser på distriktskommunar som i si tid «fekk» ei distrikthøgskule så kan det ikkje vera tvil om at dette har vore til gode for distriktskommunar og regionar, m.a. i forhold til regional utvikling.

Eit campus i Hallingdal vil både gje nødvendig nye tilbod, men også skape arbeidsplassar og auke attraktiviteten ikkje minst for ein yngre del av befolkninga.

Alle analysar og statistikk syner at Hallingdal treng eit meir variert næringsliv for å redusere sårbarheit og for å ta del i nye framtidssretta næringar.

### 1.2 Effektmål

Den langsigte effekten av tiltaket er å få etablert Campus Hallingdal, som vil underbygge Hallingdal som ein meir komplett region.

Kva Campus Hallingdal vil kunne bli på sikt er nesten umogeleg å talfeste i denne fasen.

Campus Bø har i dag ca. 2400 studentar og **xxx** tilsette.

### 1.3 Resultatmål for aktuell fase

Hovudmålet med forprosjektet er å greie ut moglegheitene for å utvikle og styrke utdanning, forsking, innovasjon og heilskapleg samfunnsutvikling i Hallingdal. Intensjonen er å utvikle og etablere ein campus i Hallingdal, med Gol kommune som vertskommune.

Forprosjektet skal danne grunnlaget for eit hovudprosjekt/etableringsprosjekt.

### 1.4 Rammer og avgrensning

Tre-parts samarbeidet Regionrådet for Hallingdal, Gol kommune som vertskommune og USN har i forprosjektet som mandat å avklare moglegheitene og premissane for å utvikle eit fleircampuskonsept i Hallingdal, sentralt i Fjellnereg, som skal tene heile landet i tillegg til å møte regionen sine kompetansebehov. Innbyggjarar, arbeids- og næringsliv vil bli invitert med i dialog og aktiv deltaking i utvikling av Campus Hallingdal til eit inspirerande og relevant utdannings-, forskings- og innovasjonsmiljø i Hallingdal.

Som grunnlag for eit Campus Hallingdal er permanent nærvær, som skal ta hand om

studiekvalitet, livslang læring og kunnskapsbasert regional utvikling avgjerande.

Det er viktig å peike på at satsinga er avhengig av at regjeringa sine ambisjonar om å sikre finansieringsgrunnlaget for ein desentralisert høgare utdanningsstruktur gjennom fleircampusinstitusjonar står ved lag.

Arbeidsoppgåver i forprosjektet:

- Etablere samarbeidsplattforma for tre-part samarbeidet USN, Regionrådet for Hallingdal og Gol kommune
- Arbeid mot sentrale styresmakter for å sikre finansieringsgrunnlaget for ein desentralisert høgare utdanningsstruktur, gjennom fleircampusinstitusjonar
- Forankring lokalt, regionalt, nasjonalt
- Involvere strategiske samarbeidspartnarar lokalt, regionalt, nasjonalt
- Koordinering med andre utviklingsprosjekt
- Interessentanalyse
- Kommunikasjonsstrategi
- Marknadsføring i tidleg fase
- Avklare; arealbehov, eventuell bruk av eksisterande bygningsmasse, ny bygningsmasse
- Risikovurdering
- Kartlegging av kompetansebehov og nærmere vurdering av potensialet for campus i fjell Norge
- Studietur(ar)
- Sluttrapport som grunnlag for eit hovudprosjekt/etableringsprosjekt

Forprosjektet skal avsluttast innan 1.6.2023.

Den største kostanden er prosjektleiing, der det er føresett at denne ressursen skal gjeira ein del konkrete arbeidsoppgåver i forprosjektet. Løyvde midlar til prosjektet er kr. 800.000. I tillegg kjem ein betydeleg eigeninnsats frå partane.

## 2. Prosjektorganisasjon

Prosjekteigarar: Regionrådet for Hallingdal, Gol kommune, Universitetet i Sørøst-Norge

Oppdragsgjevar: Regionrådet for Hallingdal

Prosjektansvarlig (PA): Prosjektansvarleg.....(utnemt av oppdragsgjevar)

Prosjektleder (PL): Blir engasjert av PA

Styringsgruppe: Representantar frå prosjekteigarar

Prosjektgruppe: Engasjerast og leiast av prosjektleiar

Referansegruppe (event):

### 3. Prosjektoppfølging

#### 3.1 Beslutningspunkt

- 29.8.2022 Godkjenning av prosjektplan
- 1.9.2022 Oppstart forprosjekt
- 1.6.2022 Avslutning, godkjenning forprosjekt

Andre beslutningspunkt kan bli lagt til dersom det oppstår behov for dette.

#### 3.2 Statusrapportering

Prosjektgruppa skal ha månadlege møter (fysisk/teams).

PA rapportera til styringsgruppa som har møte annan kvar månad.

#### 3.3 Milepælar

Må avklarast ved oppstart av prosjektet

## 4. Målgrupper, interessentar og kommunikasjonsstrategi

Interessentanalyse og kommunikasjonsstrategi er lagt inn som arbeidsoppgåver i prosjektplanen.

## 5. Risikovurdering

I dette prosjektet (denne fasen) er statleg finansiering av fleircampus-modell ein vesentleg kritiske risikofaktor.

Hending	Sannsynlighet (S)	Konsekvens (K)	Risikofaktor (S x K)	Tiltak
Statleg finansiering	3	5	15	Arbeid mot sentrale styresmakter
Potensialet for campus (studentar)	2	5	10	Marknadsføring i tidleg fase
Fråvær av ressurspersonar	1	5	5	Breitt samansett gruppe, der andre kan overta rollen som leiande i prosessen
Lokalitetar	1	5	5	Vurdere alternativ
Prosjekteigar(ar) trekkjer seg	1	5	5	Gode prosessar

## 6. Gjennomføring

### 6.1 Hovudaktivitetar

Hovudaktivitet	Hensikt	Viktige deloppgaver	Resultat
Etablere samarbeidsplattforma for tre-part samarbeidet			
Arbeid mot sentrale styresmakter	Sikre finansiering		
Forankring, involvering			
Kartlegging kompetansebehov, studentar			
Avklare arealbehov, bygningsmasse			
Kommunikasjonsstrategi, marknadsføring			
Studietur			
Sluttrapport			

### 6.2 Tids- og ressursplaner

Tids- og ressursplan vil vera ei hovudoppgåve å klarleggje i oppstart av prosjektet, ut frå dei økonomiske og menneskeleg ressursar som er stilt til rådvelde.

## 7. Økonomi

Stipulerte kostnadar.

Kostnader		Finansiering	
Kostnadsart	Beløp	Finansieringstype og kjelde	Beløp
Prosjektleiing (70%)	550.000	*	550.000
Kartlegging potensiale studentar	100.000	*	100.000
Møteverksemd	20.000	*	20.000
Utarbeide relevant materiell	50.000	*	50.000
Marknadsføring tidleg fase	50.000	*	50.000
Studietur	30.000	*	30.000
<b>Sum</b>	<b>800.000</b>		<b>Sum</b> <b>800.000</b>

Finansiering:

- Regionrådet for Hallingdal kr. 200.000
- Gol kommune, kr. 400.000
- Sats på Hallingdal, kr. 200.000

Det er berekna at prosjekteigarane dekkjer eigne kostandar til reise/møter og tilsvarande.

## 8. Kontraktar og avtalar

Det er ingått eigen intensjonsavtale mellom Regionrådet for Hallingdal, Gol kommune og Universitetet i Sørøst-Norge, dat. 16.8.2022.

INTENSJONSAVTALE OM  
ETABLERING AV CAMPUS HALLINGDAL

Universitetet i Søraust-Noreg, Regionrådet for Hallingdal, Gol kommune

**1. Formål og partar**

Regionrådet for Hallingdal, med Gol kommune som vertskommune, inngår ein intensjonsavtale med Universitetet i Søraust-Noreg med målsetting om å greie ut moglegheitene for å utvikle og styrke utdanning, forsking, innovasjon og heilskapleg samfunnsutvikling i Hallingdal. Intensjonen er å utvikle og etablere ein campus i Hallingdal, der det kan vera aktivitet på ulike stader i regionen.

USN er innstilt på vidare samarbeid med kommunane i Hallingdal for å etablere eit campuskonsept som i innhald og form møter lokale behov for kompetanse- og kunnskapsutvikling. Universitetet har ein intensjon om å tilby desentraliserte, fleksible samfunns- og arbeidslivsintegrerte utdanningstilbod, bidra i regional utvikling basert på forskings- og utviklingsarbeid og samarbeide med sentrale aktørar innanfor offentleg og privat sektor i fjellregionen. Ambisjonen er å utvikle og etablere ein campus i Fjellnoreg som kan bli attraktivt både i eit regionalt, nasjonalt og internasjonalt perspektiv. Ein føresetnad er finansiering av etableringa av eit nytt campus og at det blir oppretta ei nasjonal ordning for finansiering av fleircampusuniversitet som USN (ref. Hurdalsplattforma).

**2. Partane og kontaktpersonar**

Partane i avtalen er:

- I. Universitetet i Søraust-Noreg, Postboks 235, 3603 Kongsberg, Org.nr. 911 770 709
- II. Regionrådet for Hallingdal, Torpomoen 27, 3579 Torpo, Org.nr. 975576469
- III. Gol kommune som vertskommune, Gamlevegen 4, 3550 Gol, Org.nr. 964 952 612

**Kontaktpersonar**

Institusjon/part	Namn og stilling
Universitetet i Søraust-Noreg	Kristian Bogen, viserektor ekstern samhandling
Regionrådet for Hallingdal	Jan Olav Helling, dagleg leiar
Gol kommune	Heidi Granli, ordførar

**3. Samarbeidet**

Regionrådet for Hallingdal, Gol kommune, og USN vil etablere eit nært, likeverdig og forpliktande samarbeid med vekt på prioriterte samarbeidsområde. I første fase vil det skje gjennom eit nærmare definert forprosjekt. Forprosjektet skal danne grunnlaget for eit hovudprosjekt/etableringsprosjekt.

Det kan bli utvikla underliggende særavtalar og handlingsplanar for oppgåver som partane skal løyse saman.

Tre-parts samarbeidet Regionrådet for Hallingdal, Gol kommune som vertskommune og USN har i forprosjektet som mandat å avklare mogleighetene og premissane for å utvikle eit fleircampuskonsept i Hallingdal, sentralt i Fjellnoreg, som skal tene heile landet i tillegg til å møte regionen sine kompetansebehov.

Innbyggjarar, arbeids- og næringsliv vil bli invitert med i dialog og aktiv deltaking i utvikling av Campus Hallingdal til eit inspirerande og relevant utdannings-, forskings- og innovasjonsmiljø i Hallingdal.

#### 4. Signaturar

Stad og dato



Arendal 16.aug 22

Universitetet i Søraust-  
Noreg  
Petter Aasen, rektor

Regionrådet for Hallingdal

  
Petter Rukke, ordførar  
Hol kommune


Gol kommune

  
Heidi Granli, ordførar  
Solveig Vestenfor, ordførar

Ål kommune

  
Heidi Granli, ordførar

Gol kommune

  
Pål Rørby, ordførar  
Hemsedal kommune  
Tore Haraldset, ordførar Nesbyen  
kommune  
Merete Gandrud, ordførar Flå  
kommune